


- 6 JUNI 1991

Bibl.

Årsmelding 1990.



Fiskeriretelleiaren
i Sunnhordland.

3039/1157

ÅRSMELDING FOR 1990 FRÅ FISKERIRETTLEIAREN
I SUNNHORDLAND:

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon

- 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
- 1.2. Personalet
- 1.3. Korrespondansen
- 1.7. Fiskerinemnda
- 1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene
- 1.9. Fiskerinemndsaker

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa

- 2.1. Fiskarmanntalet
- 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
- 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
- 2.4. Avleia verksemd

3. Fiskeflåten

- 3.1. Merkeregisteret
- 3.2. Konsesjoner

4. Foredlingsleddet

- 4.1. Oppfiska kvantum/verde

6. Låne- og andre finansieringskjelder

- 6.1. Statens Fiskarbank
- 6.2. Distriktenes Utbyggingsfond

7. Tiltak/tiltaksplaner

8. Summering

- 8.1. Rettleiingstenesta
- 8.2. Fiskerinæringa.

9. HAVBRUK.

- 9.1. Fiskeoppdrett, laksefisk
- 9.2. Marine artar
- 9.3. Skalldyr
- 9.4. Ymse innan havbruk.

Tabellar, diagrammer.

TENESTEDISTRIKT SONE 1, SUNNHORDLAND.

BØMLO KOMMUNE: Areal: 231 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.90: 9.716
Kommunesenter: Bremnes.

ETNE KOMMUNE: Areal: 708 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.90: 4.021
Kommunesenter: Etne.

FITJAR KOMMUNE: Areal: 155 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.90: 3.081
Kommunesenter: Fitjar.

KVINNHHERAD KOMMUNE: Areal: 1.136 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.90: 13.103
Kommunesenter: Rosendal.

STORD KOMMUNE: Areal: 140 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.90: 14.774
Kommunesenter: Leirvik.

SVEIO KOMMUNE: Areal: 264 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.90: 4.582
Kommunesenter: Sveio.


ØLEN KOMMUNE: Areal: 184 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.89: 3.119
Kommunesenter: Ølen.



FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND

5430 BREMNES



1. FISKERIRETTLEIARKONTORETS VIRKE OG FUNKSJON.

1.1. Fiskerirettleiarkontoret.

Bidan 1982 har Sone I i Hordaland omfatta fylgjande kommunar:

Bømlo
Fitjar
Stord
Kvinnherad
Ølen
Etne
Sveio

Nemninga for kontoret har sidan 1983 vore Fiskerirettleiaren i Sunnhordland og kontorkommune har heile tida vore Bømlo, med adresse 5430 Bremnes. Kontorlokala som ligg i 2. etasje i Bremnes Elektro A/S sitt bygg er gode og tidhøvelege og kontoret er godt utstyrt med inventar og kontormaskinar. Arbeidstilhøva er gode.

1.2. Personalet.

Bemanninga på kontoret har vore som førre året: Fiskerirettleiar og ein fast tilsett førstekontorfullmektig.

Som nemnt i årsmeldinga for 1989 vart ein diverre utan havbrukskonsulent ved kontoret frå midten av det året, og verksemd tillagt denne har difor vorte utført av den faste staben ved kontoret her. Ein har likevel vald å oppretthalda ordninga med eiga havbruksmelding som tillegg til den meldinga fiskerirettleiaren arbeider ut for den øvrige verksemda.

1.3. Korrespondansen.

| | | |
|-----------------------|--------------------------|--------------------|
| Inngående brevjournal | syner for 1990: 965 reg. | I 1989: 1.100 reg. |
| Utgående - " - | " " 1990: 621 " | I 1989: 990 " |

I desse tala er ikkje medtekne brev skrivne for fiskarar, heller ikkje er medrekna ymse skjema utsende til fiskarar utan særskild fylgjeskriv så som skjema for opptak i manntalet, skademeldingsskjemaer, skjemaer for ymse lånesøknader osv. Både ut- og inngående korrespondanse har vore monaleg mindre enn året før, men er på den andre sida omlag som den var åra før der att.

1.7. Fiskerinemder.

Sidan 1984 har det vore 5 fiskerinemder i regionen. Kommunane Bømlo, Sveio og Kvinnherad har eigne nemder på 5 medlemmer kvar mens Stord og Fitjar har felles nemd med 6 medlemmer, 4 frå Fitjar og 2 frå Stord. Vidare har Ølen og Etne felles nemd med 3 medlemmer frå Ølen og 2 frå Etne.

1.7.a. Fiskerinemda i Bømlo.

1. Jostein Hellen, 5430 Bremnes, leiar.
Varamedlemer: 1. Harald Nøstbakken, 5440 Møsterhamn.
2. Martin Hellen, 5427 Urangsvåg.
3. Eli Anne Røksund, 5440 Møsterhamn.
2. Kristbjørg Kvamme, 5443 Bømlo, nestleiar.
Varamedlemer: 1. Knut Veivåg, 5430 Bremnes.
2. Solfrid Lønning, 5443 Bømlo.
3. Otto Habbestad, 5430 Bremnes.
3. Gunnar Strand, 5443 Bømlo.
Varamedlemer: 1. Harald T. Nordtun, 5430 Bremnes.
2. Johan Torkelsen, 5427 Urangsvåg.
3. Endre Bærøy, 5437 Finnås.
4. Else Møgster, 5440 Møsterhamn.
Varamedlemer: 1. Sigmund Gåsland, 5427 Urangsvåg.
2. Ruth Berny Lønning, 5443 Bømlo
3. Lars Eidesvik, 5443 Bømlo.
5. Einar Krogsæter, 5430 Bremnes.
Varamedlemer: 1. Johannes Størksen, 5444 Espevær.
2. Signe Marie Lønning, 5443 Bømlo.
3. Leif Bukkøy, 5420 Rubbestadneset.

1.7. b og c. Fiskerinemda i Fitjar/Stord.

1. Kristoffer Eggøy, 5419 Fitjar, leiar.
Varamedlem: Anna Waage, 5423 Brandasund.
2. Einar Valland, 5400 Stord, nestleiar.
Varamedlem: Kurt Westerheim, 5410 Sagvåg.
3. Oskar Sørvik, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Norolf Hugøy, 5419 Fitjar.
4. Klara Torget, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Rasmus N. Fitjar, 5419 Fitjar.
5. Alf Martin Waage, 5423 Fitjar.
Varamedlem: Anna Røyrøy, 5419 Fitjar.
6. Magne W. Risvold, 5400 Stord.
Varamedlem: Nils Olav Føyen, 5410 Sagvåg.

1.7.d. Fiskerinemda i Sveio.

1. Jan Ottar Eriksen, 5534 Valevåg, leiar.
Varamedlem: Arne Gramshaug, 5536 Tittelsnes.
2. Ivan Jørpeland, 5523 Smørsund, nestleiar.
Varamedlem: Tone Nessa, 5520 Sveio.
3. Inge Olsen, 5526 Auklandshamn.
Varamedlem: Egil N. Økland, 5526 Auklandshamn.
4. Jostein Svendsbø, 5534 Valevåg.
Varamedlem: Agnes Lid, 5530 Førde i Sunnhordland.
5. Harald Storstein, 5523 Smørsund.
Varamedlem: Kjell Eilerås, 5520 Sveio.

1.7.e og f. Fiskerinemda i Etne/Ølen.

1. Peder Heggebø, 5580 Ølen, leiar.
Varamedlem: Kåre Heggebø, 5580 Ølen.
2. Arne Nervik, 5590 Etne, nestleiar.
Varamedlem: Jørgen Lundal, 5598 Fjæra.
3. Anna Vaka, 5584 Bjoa.
Varamedlem: Peder Berge, 5582 Ølensvåg.
4. Knut Trovåg, 5587 Vikebygd.
Varamedlem: Rakel Vaka, 5582 Ølensvåg.
5. Asgaut Ness, 5593 Skånevik.
Varamedlem: Erling Grindheim, 5590 Etne.

1.7.g. Fiskerinemda i Kvinnherad.

1. Arild Benjaminson, 5455 Halsnøy Kloster, leiar.
Varamedlem: Jonny Sjø, 5455 Halsnøy Kloster.
2. Hannemor Kristensen, 5455 Halsnøy Kloster, nestleiar.
Varamedlem: Malvin Isdal, 5455 Halsnøy Kloster.
3. Gaute Tofte, 5454 Sæbøvik.
Varamedlem: Kjell Henning Sjø, 5454 Sæbøvik.
4. Valborg Miljeteig, 5457 Høylandsbygd.
Varamedlem: Christine Dekke, 5470 Rosendal.
5. Arne Legland, 5463 Uskedalen.
Varamedlem: Kjersti Bondhus, 5476 Mauranger.

1.8. Møteverksemda i fiskerinemdene.

Møtebøkene for dei ymse kommunane syner at der gjennom året har vore ein viss reduksjon i verksemda når det gjeld tal møter, tal saker handsama og medgått tid. Ei av årsakene finn ein i at det ikkje var turvande å ha klagehandsamingemøte vedrørande fiskarmanntalet i nokon av kommunane dette året. Sett opp i tabellform tek denne verksemda seg ut som følgjer (tala for 1989 i parentes):

| <u>Fiskerinemd:</u> | <u>Tal møter:</u> | | <u>Saker handsama:</u> | | <u>Samla møtetid:</u> |
|-----------------------|-------------------|------|------------------------|------|-----------------------|
| 1.8.a. Bømlo | 2 | (3) | 8 | (14) | 6,5 timar (10,5) |
| 1.8.b/c. Fitjar/Stord | 2 | (2) | 9 | (12) | 4,5 " (6,5) |
| 1.8.d. Sveio | 2 | (1) | 5 | (3) | 3,5 " (2,0) |
| 1.8.e/f Etne/Ølen | 2 | (2) | 13 | (5) | 3,5 " (3,0) |
| 1.8.g. Kvinnherad | 2 | (4) | 6 | (21) | 5,0 " (7,5) |
| Total | 10 | (12) | 41 | (55) | 23,0 timar (29,5) |

=====

1.9. Fiskerinemdssaker.

Som tidlegare år har ein etter oppmoding frå Rettleiingstenesta sentralt freista få ned utgiftene til møtegodtgjersle og reiseutgifter til nemdene, og tykkjer ein har lukkast godt i dette. Ein har sett seg nøydd til å handsama fleire saker administrativt, hatt telefonkonferansar for å klarera saker med fiskerinemdene, og i some høve sendt heile saker til høyring og uttale hjå nemdene.

Av viktige saker som har vore handsama i nemdene i året kan ein nemna:

- Fiskarmanntalssaker
- Garantikassesaker
- Saker vedrørande kaste/låsettingstader
- Søknader til Statens Fiskarbank
- Konsesjonssøknader i havbrukssektoren, serleg då saker som gjeld utviding, flytting og naudflytting av anlegg.
- Uttale i samband med søknader om konsesjon for skjellsandgraving
- Uttale om ymse typar arealdisponering i strandsona, så som kaibygging, hyttebygging, kloakkutslepp, utlegging av kablar ost

2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

2.1. Fiskarmanntalet.


Tabellane nedafor syner tal fiskarar fordelt etter aldersgrupper og gjennomsnittsalder. Tabellane syner og kva manntalsliste fiskarane står på. Blad B syner kor mange som har fiske som hoved- eller eineyrke. Blad A syner dei som har fiske som attåtning. Dei fleste på denne lista er likevel slike som er vortne pensjonerte medan dei var yrkesfiskarar.

Tabell 2.1.a. Bømlo kommune.

| År | Inndeling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|-----------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|--------|--------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-opp | | |
| 1989 | Blad A | 0 | 1 | 1 | 2 | 7 | 21 | 73 | 105 | 70,23 |
| | Blad B | 9 | 83 | 51 | 50 | 35 | 9 | 0 | 237 | 37,03 |
| | Totalt | 9 | 84 | 52 | 52 | 42 | 30 | 73 | 342 | 47,22 |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 2 | 7 | 23 | 70 | 103 | 70,45 |
| | Blad B | 15 | 72 | 47 | 49 | 30 | 6 | 0 | 219 | 37,89 |
| | Totalt | 15 | 72 | 48 | 51 | 37 | 29 | 70 | 322 | 48,31 |

Tabellen syner utviklinga siste året, mens diagrammet nedafor skulle gi eit bilete av utviklinga siste 9 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Bømlo i perioden 1982-1990




Tabel 2.1.b. Fitjar kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1989 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | 5 | 16 | 23 | 70,21 |
| | Blad B | 1 | 7 | 7 | 5 | 6 | 0 | 0 | 26 | 38,18 |
| | Totalt | 1 | 7 | 8 | 5 | 7 | 5 | 16 | 49 | 53,21 |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 4 | 13 | 20 | 62,36 |
| | Blad B | 1 | 5 | 7 | 4 | 5 | 1 | 0 | 23 | 39,40 |
| | Totalt | 1 | 5 | 8 | 5 | 6 | 5 | 13 | 43 | 50,08 |

Også dette året har talet fiskarar gått attende i Fitjar kommune, men kommunen er framleis den tredje største fiskerikommunen i distriktet.

Tabellen ovafor skulle gi eit bilete av utviklinga dei to siste åra. For dei 9 siste åra, skulle diagrammet nedafor gi eit visst oversyn.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Fitjar i perioden 1982-1990




Tabel 2.1.c. Stord kommune.

| Ar | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1989 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 56,50 |
| | Blad B | 1 | 3 | 2 | 1 | 5 | 2 | 0 | 14 | 43,75 |
| | Totalt | 1 | 3 | 3 | 1 | 5 | 2 | 1 | 16 | 45,34 |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 57,50 |
| | Blad B | 0 | 4 | 1 | 2 | 5 | 2 | 0 | 14 | 45,82 |
| | Totalt | 0 | 4 | 2 | 2 | 5 | 2 | 1 | 16 | 47,15 |

Siste året viser ingen endring når det gjeld talet fiskarar i Stord kommune, både blad B og blad A har same tal som førre året.

Diagrammet nedafor syner utviklinga siste 9 åra.

Grafiskframstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Stord i perioden 1982-1990.




Tabel 2.1.d. Sveio kommune.

| Ar | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1989 | Blad A | 0 | 1 | 1 | 1 | 3 | 3 | 14 | 23 | 65,75 |
| | Blad B | 0 | 0 | 2 | 1 | 2 | 1 | 0 | 6 | 48,33 |
| | Totalt | 0 | 1 | 3 | 2 | 5 | 4 | 14 | 29 | 62,24 |
| 1990 | Blad A | 0 | 1 | 1 | 1 | 3 | 2 | 15 | 23 | 66,86 |
| | Blad B | 0 | 0 | 2 | 2 | 2 | 1 | 0 | 7 | 49,14 |
| | Totalt | 0 | 1 | 3 | 3 | 5 | 3 | 15 | 30 | 62,72 |

Manntalet for Sveio kommune syner lita endring frå året før. Der er ein auke på blad B på ein person. Aldersfordelinga er omlag som førre året.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Sveio i perioden 1982-1990.




Tabell 2.1.e. Etne kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1989 | Blad A | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 1 | 5 | 8 | 63,75 |
| | Blad B | 0 | 2 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 32,50 |
| | Totalt | 0 | 2 | 3 | 1 | 0 | 1 | 5 | 12 | 53,33 |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 2 | 1 | 5 | 9 | 61,00 |
| | Blad B | 0 | 2 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 5 | 38,00 |
| | Totalt | 0 | 2 | 2 | 1 | 3 | 1 | 5 | 14 | 52,58 |

Heller ikkje for Etne kommune syner fiskarmanntalet noko vesentleg endring siste året. Det har vore ein tilgang på 1 på kvart blad.

Diagrammet nedafør viser utviklinga dei siste 9 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Etne i perioden 1982-1990.




Tabell 2.1.f. Ølen kommune.

| Ar | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1989 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 3 | 72,66 |
| | Blad B | 0 | 0 | 1 | 0 | 2 | 2 | 1 | 6 | 56,83 |
| | Totalt | 0 | 0 | 1 | 0 | 2 | 3 | 3 | 9 | 62,11 |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 3 | 4 | 73,49 |
| | Blad B | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 2 | 0 | 5 | 54,59 |
| | Totalt | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 3 | 3 | 9 | 63,11 |

Fiskarmanntalet for Ølen har ikkje endra seg siste året, bortsett frå at ein person har gått over frå blad B til blad A.

Diagrammet nedafor gir eit oversyn over utviklinga dei siste 9 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Ølen i perioden 1982-1990.




Tabell 2.1.g. Kvinnherad kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1989 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 7 | 27 | 36 | 71,94 |
| | Blad B | 2 | 24 | 16 | 6 | 8 | 1 | 0 | 57 | 34,56 |
| | Totalt | 2 | 24 | 16 | 6 | 10 | 8 | 27 | 93 | 49,03 |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 8 | 27 | 37 | 72,40 |
| | Blad B | 3 | 16 | 13 | 7 | 7 | 1 | 0 | 47 | 37,90 |
| | Totalt | 3 | 16 | 13 | 7 | 9 | 9 | 27 | 84 | 52,98 |

Kvinnherad er framleis den nest største fiskerikommunen i regionen. Siste året gjekk talet fiskarar attende med omlag same talet som det auke året før, særleg er tilbakegangen stor i aldersgruppa 20-29 år.

Diagrammet nedafør skulle gi eit intrykk av utviklinga dei siste 9 åra


Grafisk framstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Kvinnherad i perioden
1982-1990.



For rettleiardiistriktet sett under eitt vil ein sjå at der har vore ein viss tilbakegang i talet fiskarar i dei fleste kommunane, størst i Kvinnherad og Bømlo.

Diagrammet nedafor viser utviklinga i regionen siste 9 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Sunnhordland i perioden
1982-1990.



2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

I foredlingsleddet har det vore ei viss utvikling siste året. Dei tradisjonelle mottaksstadene i Øklandsvåg, Melingsvåg, Espevær og Brandasund har halde fram som før. I Hovlandshagen på Bømlo kom anlegget for mottak av fisk og levering av is i gong mot slutten av førre året, og dette har utvikla seg posetivt siste året. Særleg med mottak av konsumfisk frå Nordsjtrålarane.

Mottaket av "edelfisk" på Sunde har halde fram, og verksemda der er monaleg utvide samanlikne med året før.

Hermetikkfabrikken i Skånevik har hatt vanleg drift også dette året, og det same gjeld Ole Havn sitt anlegg for nedlegging av krabbe på Koløyholmen. Nær sagt som vanleg strir hermetikkfabrikkane med trugselen om stenging og nedlegging, men også dette året har det som nemnt vore drift i Skånevik.

I Uskedalen har Brødrene Hjønevig sin fiskematproduksjon gått som som tidlegare.

Fiskemottaket og fiskeforretningen på Leirvik fekk som venta vanskar og gjekk konkurs i byrjinga av året. Etter ei tid vart mottaket starta oppatt i dei tidlegare lokala, men ein har eit inntrykk av at drifta har stridd med vanskar også etter oppattstartinga. Det er å vona at ein her kan få eit fullgodt tilbod til dei som driv yrkesmessig fiske i dette området.

Også dette året har det vore arbeid aktivt med å få til eit mottaksanlegg på Sydnes på Halsnøy. Diverre har det synt seg at det har vore mange vanskar å stri med, og ein veit ikkje når dette vert skriva om planane vert skrinlagde eller ikkje, i alle fall mellombels.

2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

Det vil også dette året verta utarbeid ei eiga melding for havbruksnæringa i Sunnhordland. Denne vil verta utsendt som ein eigen del av sjølve årsmeldinga. Sysselsettinga i næringa vil verta omtala der.

2.4. Avleia verksemd.

Forutan om fiskefarty, oppdrettsverksemd, mottaksstasjonar og slakte og pakkeverksemd for oppdrettsfisk fins det i regionen ei lang rekkje verksemd som har tilknytting til fiskeri- og oppdrettsnæringane, og ein skal her få nemna nokre av desse:

Bømlo kommune:

Wartsila Wichmann Diesel A/S, 5420 Rubbestadneset.
 Rubb Industri, "
 Servogear A/S "
 Matre & Co., "
 Innvær Plast, "
 Båtutrustning A/S, "
 Halderaker & Sønner, Mølandsvågen, 5430 Bremnes
 Adnanes Skipsbyggeri, "
 Moster Industriservice A/S, 5440 Mosterhamn.
 Rolf E. Larsen, 5427 Urangsvåg.
 Elektronikk Service, 5437 Finnås
 Elektro Installasjon A/S, 5430 Bremnes.
 Johs. Mæhle, 5444 Espevær.
 Bømmeløy Mek. Verksted, 5443 Bømlo
 Knut Kvernenes, Mek. Verksted, 5444 Espevær.
 Bømlo Elektriske, 5443 Bømlo.
 Grindheimsvåg Slipp & Mek. Verksted, 5440 Mosterhamn.
 Bømlo Construction Services A/S, 5440 Mosterhamn.
 Sæverud & Simonsen, 5443 Bømlo.

Fitjar Kommune.

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S, 5419 Fitjar.
 Fitjar Mek.Verksted A/S,
 Vik og Sanvik A/S, 5419 Fitjar.
 Knut Rydland, "
 M.Dahl-Helland, "
 Ole Havn, Koløyholmen, "
 Andersen & Bønner, Dáfjord, 5419 Fitjar.
 Johnsen Plastindustri, 5423 Brandasund.
 Johnsen Slipp, "

Stord kommune.

A/S Seglneset Mek.Verksted, 5410 Sagvåg
 Risnes & Sønner, "
 Eldøy Mek.Verksted, 5400 Stord.
 Sunnhordland Elektro A/S, 5400 Stord.
 Oma Båtbyggeri, "
 Leirvik Sveis A/S, "
 Aqua Consult "

Kvinnherad kommune.

Eide Contracting A/S, 5457 Høylandsbygd.
 Eidsvik Skippsbyggeri A/S, 5463 Uskedalen.
 Th.Hellesøy Skipsbyggeri, 5474 Løfallstrand.
 Skaaluren Skipsbyggeri, 5470 Rosendal.
 Kvinnherad Sveis og Montering A/S, 5451 Valen.
 Harding Safety A/S, 5472 Seimsfoss

Etne kommune.

Sunnhordland Mek.Verksted A/S, 5593 Skånevik.
 Skånevik Mek.Verksted, "
 Delta Plast A/S, "

Sveio kommune.

Øklandsnes Slip & Mek.Verksted, 5526 Auklandshamn.

3. FISKEFLATEN.

3.1. Merkerregisteret.

I tabellane 3.1. a - g finn ein eit oversyn over merkerigistrerte fiskefarty i rettleiardistriktet. Frå 1989 er alle registra førde ved fiskeriretttleiarkontoret. Ein har ved dette fått ei einsarta føring av registra for dei einiskilde kommunane, og ein har nå register som er tilnærma ajourførde til ei kvar tid.

Tendensen med å stryka farty eigde av pensjonistar når dei får pålegg frå Skipskontrollen har halde fram, men tendensen har minka mykje siste året, mest kanskje p.gr. av at dei fleste båtane som ikkje er yrkesmessig drivne nå er strokne av registeret.

På side 19 vil ein finna ei grafisk framstilling av utviklinga når det gjeld merkerigistrerte farty i Sunnhordlandskommunane i åra 1981, 1985 og 1990.

Tabell 3.1.a. Merkerregisterdata for 1990.

Bømlo kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 190 | 1 | 135 | 28 | 10 | 4 | 12 |
| Avgang | 17 | - | 13 | 3 | 1 | - | 3 |
| Tilgang | 6 | - | 4 | - | 1 | - | 1 |
| Pr.31/12 | 179 | 1 | 126 | 25 | 10 | 4 | 13 |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 3 | - | 1 | 1 | 1 | - | - |
| 1930-39 | 7 | - | 4 | 3 | - | - | - |
| 1940-49 | 7 | - | 5 | 1 | - | - | 1 |
| 1950-59 | 21 | - | 13 | 4 | 2 | 2 | - |
| 1960-69 | 36 | - | 28 | 2 | 1 | 1 | 4 |
| 1970-79 | 52 | - | 36 | 6 | 2 | - | 8 |
| 1980-84 | 37 | 1 | 27 | 7 | 2 | - | - |
| Etter-85 | 12 | - | 8 | 1 | 2 | 1 | - |
| Ukjendt | 4 | - | 4 | - | - | - | - |
| Totalt | 179 | 1 | 126 | 25 | 10 | 4 | 13 |

Tabell 3.1.b. Merkerregisterdata for 1990.

Fitjar kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 40 | 1 | 30 | 9 | - | - | - |
| Avgang | 3 | - | 3 | - | - | - | - |
| Tilgang | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 38 | 1 | 28 | 9 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1940-49 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 3 | - | 2 | 1 | - | - | - |
| 1970-79 | 14 | 1 | 12 | 1 | - | - | - |
| 1980-84 | 15 | - | 9 | 6 | - | - | - |
| Etter-85 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Ukjendt | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Totalt | 38 | 1 | 28 | 9 | - | - | - |

Tabell 3.1.c. Merkerregisterdata for 1990.

Stord kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 8 | - | 7 | 1 | - | - | - |
| Avgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Tilgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 8 | - | 7 | 1 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1940-49 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1950-59 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 3 | - | 3 | - | - | - | - |
| 1970-79 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Etter-85 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Ukjendt | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Totalt | 8 | - | 7 | 1 | - | - | - |

Tabell 3.1.d. Merkerregisterdata for 1990.

Sveio kommune .

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 28 | - | 27 | 1 | - | - | - |
| Avgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Tilgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 28 | - | 27 | 1 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1940-49 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 8 | - | 8 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1970-79 | 5 | - | 5 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 5 | - | 4 | 1 | - | - | - |
| Etter-85 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| Ukjendt | 4 | - | 4 | - | - | - | - |
| Totalt | 28 | - | 27 | 1 | - | - | - |

Tabell 3.1.e. Merkerregisterdata for 1990.

Etne kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 9 | 1 | 7 | 1 | - | - | - |
| Avgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Tilgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 9 | 1 | 7 | 1 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 0 | - | 0 | - | - | - | - |
| 1940-49 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1970-79 | 2 | 1 | 1 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| Etter-85 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Ukjendt | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Totalt | 9 | 1 | 7 | 1 | - | - | - |

Tabell 3.1.f. Merkerregisterdata for 1990.

Øien kommune.


| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 10 | - | 7 | 3 | - | - | - |
| Avgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Tilgang | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 10 | - | 7 | 3 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1940-49 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 5 | - | 3 | 2 | - | - | - |
| 1960-69 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1970-79 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Etter-85 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Ukjendt | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Totalt | 10 | - | 7 | 3 | - | - | - |

Tabell 3.1.g. Merkerregisterdata for 1990.

Kvinnherad kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 77 | 1 | 59 | 11 | 5 | 1 | - |
| Avgang | 12 | 1 | 9 | 2 | - | - | - |
| Tilgang | 3 | - | 3 | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 68 | - | 53 | 9 | 5 | 1 | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 2 | - | 1 | - | 1 | - | - |
| 1930-39 | 2 | - | 1 | - | 1 | - | - |
| 1940-49 | 4 | - | 4 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 9 | - | 5 | - | 3 | 1 | - |
| 1960-69 | 11 | - | 10 | 1 | - | - | - |
| 1970-79 | 20 | - | 17 | 3 | - | - | - |
| 1980-84 | 13 | - | 9 | 4 | - | - | - |
| Etter-85 | 4 | - | 3 | 1 | - | - | - |
| Ukjendt | 3 | - | 3 | - | - | - | - |
| Totalt | 68 | - | 53 | 9 | 5 | 1 | - |

MERKEREISTRERTE FISKEFARTY I
SUNNHORDLAND.



SAMANLIKNING MELLOM 1981, 1985 OG 1990.

3.2. Konsesjonar.

I tabellen nedafor vil ein finna ei oversikt over dei konsesjonane i fiske som var haldne av fiskarar/farty frå Sunnhordland ved utgangen av 1989.

| Kommune | Nordsjø/ loddetrål | Ringnot | Seinot | Torskekvote nord for 62° |
|------------|-----------------------|---------|--------|-----------------------------|
| Bømlø | 15 * | 2 * | 1 * | 4 |
| Fitjar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Stord | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ølen | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Etne | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kvinnherad | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Sveio | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilsaman | 15 | 2 | 1 | 5 |

Som ein vil sjå er registreringsordninga for deltaking i brislingfiske falle bort. I staden er kome ei ordning der alle merkeregistrerte farty som fyller krava utrustningsmessig kan delta. Kontrollverket har ansvaret for å fylgja opp dette.

Postane merkt * syner til at det er eit og same farty som har konsesjon for fleire fiskeri. I Bømlø er kome til eit farty med kombinert ringnot-/nordsjøtrålkonsesjon.

Berre 5 farty frå distriktet fekk fartykvote i torskefisket i 1990.

4. FOREDLINGSLEDDET.

4.1. Oppfiska kvantum / verde.

Som tidlegare år har skort på anlegg i land som kan ta mot fisk for filletering, for pilling av reker, for fisk til hermetikk m.v. nå som tidlegare ført til at det meste av fisken som vart fiska av fiskarane i regionen er vorten levert utanom fiskarane sin heimstadkommune.

Mottaksanlegga i Øklandsvåg, Melingvåg, Espevær, Brandasund, Stord og det nyopna i Hovlandshagen har som nemnt tidlegare i denne meldinga vore i verksemd også dette året.

Dei kvanta som er vortne tekne i mot er imidlertid heller små. Særleg gjeld dette konsumfisk frå Nordsjøen. Noko har imidlertid dette auka ved at mottaket på Sørø Bømlo (Hovlandshagen) har teke mot slik fisk frå Nordsjøtrålerane.

Makrellmottaka i Øklandsvåg og Brandasund var i drift også dette året, men grunna svært dårleg drivgarnsfiske vart leveransane svært små. Eindel notfanga makrell og sild er leverte til anlegg på kysten, og til utalandske kjøparfarty i Børøyfjorden og Fitjarvika, og desse mottaka har vore til stor hjelp for kystfiskarane, sjølv om prisane som vert betalte er urimeleg låge.

Etter det ein kjenner til var det ikkje levering av konsumfisk frå Nordsjøen til Bremnes Fryseri A/S dette året, korkje frå norske eller utalandske farty.

Fiskarar frå regionen har levert fisk til så godt som alle dei salslag som ein har på kysten, men ein er framleis like lite i stand til å få statistikkar frå salslaga som kan visa verde og kvantum av desse landingane.

6. LANE- OG ANDRE FINANSKJELDER.

6.1. Statens Fiskarbank.

Tabellen på neste side gir eit oversyn over søknader om lån frå og tilsagn om lån til fiskarar i regionen. Samanlikningar med førre året er å finna i kommentarane til tabellane.

6.2. Distriktenes Utbyggingsfond.

Det har dette året berre vore ein søknad om lån/stønad frå Utbyggingsfondete innom kontoret her. Det galdt utbygginga av fiskemottak på Sydnes på Halsnøy. Trass posetive tilrådingar, er prosjektet ennå ikkje kome i gong.

STATENS FISKARBANK. Låneverksemda i Sunnhordland 1990.

BØMLØ KOMMUNE.

| Type lån/tilskot | Tal søkn. | Tal tils. | Omsøkt kr. | Tilsagn kr. |
|-----------------------------|-----------|-----------|---------------|-------------|
| Lån til nytt farty | 1 | 0 | 8.000.000 | 0 |
| " " brukt farty | 2 | 1 | 2.567.000 | 2.167.000 |
| " " reidskap | 1 | 1 | 45.000 | 40.000 |
| " " omb./ny motor/utstyr | 5 | 5 | 5.455.000 | 3.370.000 |
| Likviditets/refinans. lån | 2 | 2 | ca. 2.500.000 | 1.036.000 |
| Likviditets/refinans.tilsk. | 4 | 2 | 4.462.000 | 1.737.000 |
| Tilskot til ØKO-tiltak | 1 | 1 | 19.400 | 8.000 |
| " " arb.miljøtiltak | 4 | 3 | 190.240* | 61.000 |
| " " kondemnering | 1 | 1 | 245.000 | 245.000 |
| Sum | 21 | 16 | 20.483.640 | 8.668.000 |

Ein post merkt * er ennå ikkje avgjort.

KVINNHERAD KOMMUNE.

| Type lån/tilskot | Tal søkn. | Tal tils. | Omsøkt kr. | Tilsagn kr. |
|-----------------------------|-----------|-----------|------------|-------------|
| Lån til brukt farty | 0 | 0 | 0 | 0 |
| " " omb./ny motor | 1 | 1 | 265.000 | 125.000 |
| Likviditets/refinans. lån | 1 | 0 | 400.000 | 0 |
| Tilskot til arb.miljøtiltak | 2 | 1 | 175.000* | 75.000 |
| " " kondemnering | 3 | 2 | 1.000.000 | 590.000 |
| Sum | 7 | 4 | 1.840.000 | 790.000 |

Ein post merkt * er ennå ikkje avgjort.

Frå kommunane Etne, Stord, Sveio og Ølen var der ingen søknader i 1990.

Frå Fitjar var der ein søknad om lån til ny sonar, søknadssum kr. 87.000. Den vart stetta med kr. 80.000.

Samanliknar ein med 1988 og 1989 får ein fylgjande resultat:

| Ar: | Samla tal søknader: | Søknadssum: | Tilsagnsum: | % - tilsagn: |
|-------|---------------------|---------------|---------------|--------------|
| 1988: | 29 | kr.20,6 mill. | kr.11,4 mill. | 55,37 |
| 1989: | 55 | " 51,6 " | " 23,7 " | 45,80 |
| 1990: | 29 | " 22,4 " | " 9,5 " | 42,40 |

7. TILTAK/TILTAKSPLANAR.

Den kapasiteten som rettleiingskontoret har hatt til tiltaksarbeid har stort sett vore retta mot havbruksnæringa, og ein viser difor til eige kapittel om denne næringa i årsmeldinga for dette året. I denne samanhengen kan nemnast at kontoret framleis har nytt godt av samarbeidet med den tidlegare tilsette havbrukskonsulenten, nå i kapasitet av leiar for Sunnhordland Havbrukering. Rettleiarkontoret har ikkje eigne planar for tiltaksarbeid, men freistar så langt råd er å bistå dei kommunale tiltakskontora når det er trong for det.

8. SUMMERING.

8.1. Rettleiingstenesta.

Aktiviteten i Rettleiingstenesta v/fiskerinemdene er omtala i kapittel 1.8 og 1.9 i denne årsmeldinga.

I tillegg til dei aktivitetar som der er rekna opp har ein hatt ganske mykje arbeid i samband med:

- Merkerregistersaker
- Fiskermanntalssaker
- Statistikkar for ymse føremål
- Planar for fiskerihamnutbygging
- Budsjettneemdssaker
- Uttale til ymse framlegg frå komitear og utval

8.2. Fiskerinæringa.

Det vart dette året kjøpt inn til distriktet eit nytt ringnot/nordsjøtrålfarty til erstatning for eit av dei store ringnotfartya som gjekk ut førre året. Eit mindre autolinefarty har og kome til. Ellers har flåten vore stabil når det gjeld store/mellomstore farty.

Nordsjøtrålarane, som i 1989 hadde eit jamnt bra år, fekk eit stygt tilbakeslag i 1990. Fyrste tre månadene var fisket mykje værhindra, seinare vart det ressursvikt og dårlege prisar. Med eit år til av dette slaget er det frykt for at mange av desse fartya kan koma i vanskar. Då dette jo er den best utbygde del av flåten i distriktet er denne utviklinga svært alvorleg.

Kystfiskeflåten, stort sett farty under 13.m.l.1, slit framleis med vanskar, men kom vel jamt over brukbart ut av året, omsyn teke til dei små krava som vert stillte frå dette hald. Paléfisket var framleis dårleg, men dette vart for ein del retta opp med eit bra innsig av makrell og eit tildels bra sildefiske. Brislingfisket vart heller ikkje noko å skryta av, og gav dårleg utbytte.

Reketrålarane på kysten og dei nære farvatn hadde nok eit dårleg år, med sviktande ressursar, og dårlege pristilhøve. Særleg ille har det verka at det har vore så vanskeleg å få levert saltkøkt reke av noko omfang. I førre årsmeldinga vart nemnt at det var kome to nye farty til i denne gruppa. Dersom ikkje desse får andre driftsalternativ, er det stor fære for at dei vil måtte avvikla drifta p.gr. av dårleg lønsemd.

Også dette året har ein hatt ei rekkje krav om erstatning for skade på fiskereidenskap på grunn av oljeverksemda, men ein ser nå tydeleg at talet av slike krav minkar. Til gjengjeld tykkjøst kvar enkelt skade å vera større. Ein har ellers venta på at dei nye reglane for erstatning skal verta tekne i bruk, og ein er spent på korleis dei vil verka.

9. HAVBRUK.

9.1. Fiskeoppdrett.

Bruken av sjøareal og saker som vedkjem havbruk har også dette året vore svært viktige arbeidsfelt for rettleiarkontoret.

Framleis har ein sett det som svært viktig og turvande at næringa vert gitt dei beste vilkår med omsyn til gode lokalitetar; nok reserve- eller avlastingslokalitetar m.v. Kommuneplanen for Bømlo har så langt virka godt med omsyn til lokalitetar for havbruksnæringa, men det er å ynskja at tilgongen på reservelokalitetar må verta noko betre.

Ellers strir både Fitjar, Etne, Sveio, og i den seinare tid også Kvinnherad med problemet med å skaffa brukande reservelokalitetar. For Kvinnherad og Fitjar sitt vekomande vert det arbeid med planar for disponering av sjøareala, og ein reknar med at desse planane vil liggja føre til neste år. Dei andre kommunane i regionen er ennå ikkje kome så langt med dette planarbeidet, men ein reknar med at dei vil fylgja i tur og orden. Rettleiarkontoret tek sikte på å vera med på dette arbeidet i den utstrekning det er mogleg og turvande.

Den negative fokuseringa som det den seinare tid har vore på havbruk i NRK og andre media har tydelg verka inn på haldninga til lokale politikarar, og det er vorte vanskelegare og vanskelegare å få godkjenning for områder til akvakultur, dette til trass for at dei fleste politikarane offentleg går inn for akvakultur som eit satsingsområde.

Matfiskproduksjonen syner ein monaleg auke i 1990. Dette har særleg si årsak i at produksjonen ved utabygds anlegg i Kvinnherad er tekne med i år. Ser ein bort frå dette er kvantumet omlag det same som i 1989. Tabell 1 og Fig. 1 gir nærare oversyn over utviklinga innan denne greina av næringa.

Setjefiskproduksjonen har og gått noko opp siste året. Imidlertid var det ikkje ubetydeleg dawning på grunn av sjukdom etter utsetjing i sjø, og ein kjenner derfor ikkje heilt det reelle talet for fisk som vart sett i produksjon. Tabell 2 og Fig. 2 syner utviklinga i regionen når det gjeld setjefiskproduksjonen siste året.

Slakting/pakking av matfisk vert omtala og synt grafisk i Tabell 3 og Fig. 3.

Samla verksemd og sysselsetjinga i regionen er omtala og synt i Tabell 4, Fig. 4.

Samanlikningar for dei siste 6 åra når det gjeld matfiskproduksjon, setjefiskproduksjon, slakting/pakking, investeringar og gjennomsnittsprisar finn ein i dei grafiske framstillingane Fig. 5 - 9.

9.2. Marine artar.

Heller ikkje dette året har ein hatt det store gjennombråtet for produksjonen av matfisk av marine artar. 5-6 anlegg har sett ut ca. 6-7.000 yngel av torsk, og eindel innfanga villfisk, men produksjonen har i det heile vore heller minimal. Mangel på yngel, og dårleg pris på produkta, har verka hemmande på utviklinga.

Yngelproduksjon har heller ikkje gjort store framsteg. Produksjonen av piggvaryngel for eksport har halde fram, medan produksjon av yngel av andre artar som t.d. kveite, steinbit osv. har utvikla seg lite.

Heller ikkje dette året har ein kome i gong med produksjonen ved Sunnhordland Marin Yngelproduksjon som vart etablert i 1988. Dårlege prisar på ferdig produsert torsk må nok reknast som ei av årsakene til dette.

9.3. Skalldyr.

Produksjonen av skalldyr har lege meir eller mindre nede. Berre nokre få av dei som byrja med dette har halde fram med mindre produksjon. Når det gjeld østers syner enkelte anlegg god tilvekst, og eindel skjell er kome fram til leveringsstadiet. Ei samkjøyrte og god marknadsføring vil verta naudsynt for å få det beste ut av marknaden. Arbeidet for å få til eit mottak på Sydnes på Halsnøy har møtt store vanskar, men arbeidet med å få det til har halde fram. Ein veit ennå ikkje om ein vil lukkast.

Yngelproduksjonen av østers har halde fram i dei same to pollane som tidlegare.


9.4. Ymse innan havbruk.

Fiskehelsetenesta i regionen har vore ivareteken av Ytre Sunnhordland Fiskehelseteneste. Regionen har vore eindel plaga av sjukdom, og ein har konstatert både furunkolose, ILA, og BKD. Dødeligheita har ikkje vore den aller største, men på den andre sida har oppdrettarane vore påpasselege med å slakta ned ved konstatering av sjukdom i anlegga. Søre delen av distriktet, Sveio-Ølen-Etne-området har vore svært sjukdomsfri, og bruken av antibiotika har i dette området vore minimal.

Sunnhordland Havbruksring har vore verksam heile året. Det er forutan det interne arbeidet mellom ringen sine medlemmer blitt arrangert konferansar, seminar og møter for såvel medlemmer som for utaforståande og ein har eit inntrykk av at dette tiltaket kan få stor posetiv verknad på havbruksnæringa lokalt, og kanskje også i vidare perspektiv.

Mangt kunne vore nærare omtala og mykje anna kunne vore teke med i denne meldinga. Plassomsyn gjer at ein heller får basera seg på å svara på spørsmål dersom noko skulle verka særleg ulært for lesaren.

Bremnes, 15.mai 1991.



R. Innvær
Fiskerirettleiar

HAVBRUK 1990.

Tabell 1: Matfiskanlegg.

| | BØMLO | ETNE | FITJAR | KV.HERAD | | SVEIO | TOTAL |
|--|-----------|----------|----------|----------|-----------|----------|-----------|
| <u>MATFISKANLEGG</u> | <u>11</u> | <u>3</u> | <u>5</u> | <u>3</u> | <u>3*</u> | <u>4</u> | <u>30</u> |
| SMOLT UTSETT (1000 stk.) | 1299 | 400 | 519 | 425 | 560 | 377 | 3580 |
| FISK TEKEN OPP (tonn) | 2557 | 895 | 940 | 561 | 1488 | 1281 | 7722 |
| VERDE OPP- TEKEN FISK (1000 Kr.) | 72150 | 23442 | 24745 | 14597 | 38169 | 32864 | 206567 |
| INVESTERT I ARET (1000 Kr.) | 10970 | 2710 | 307 | 4535 | 5700 | 1189 | 25611 |
| <u>FAST TILSETTE:</u> | | | | | | | |
| Menn | 35 | 6 | 13 | 7 | 9 | 11 | 81 |
| Kvinner | 2 | 0 | 0 | 1 | 1 | 2 | 6 |
| <u>DELTIDSTILSETTE:</u> | | | | | | | |
| Menn | 12 | 2 | 0 | 0 | 4 | 6 | 24 |
| Kvinner | 5 | 2 | 1 | 0 | 4 | 2 | 14 |

*) Dette er anlegg med mellombels lokalisering i Kvinnherad. Då produksjonen har funne stad her, og likeeins sysselsetjinga, har ein valgt å ta dei med i totalsummen for distriktet.

Det var ellers ein auke på eit matfiskanlegg i regionen i 1990. Dette er eit anlegg som høyrer heime i Bømlo, men som har hatt drifta si i annan kommune. Driftstala er tekne med under Bømlo i tabellen.

PRODUKSJON:

Også dette året vart det ein viss auke i produksjonen av laks i regionen, men ser ein bort frå dei mellombels plaserte anlegga i Kvinnherad var den berre på ca. 130 tonn. Talet på utsett smolt har halde seg på 1989-nivå. Dette vart vel noko høgare enn venta.

VERDE:

Ser ein på verde av produksjonen, framleis utan å ta omsyn til verde av dei mellombels anlegga i Kvinnherad, ser ein at denne har gått drastisk ned. Gjennomsnittsprisen som hadde falle både i 1988 og 1989 gjekk ytterligare ned med ca. kr. 1,50 pr. kg i 1990, til omlag kr. 27,-. For dei aller fleste er dette under kostpris.

Tabell 2: Setjefiskanlegg.

| | BØMLO | ETNE | FITJAR | KV.HERAD | STORD | SVEIO | ØLEN | TOTALT |
|--------------------------------------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|-----------|
| KLEKKERI/ SETJEFISKANL.: | <u>6</u> | <u>1</u> | <u>2</u> | <u>6</u> | <u>2</u> | <u>5</u> | <u>1</u> | <u>23</u> |
| KLEKT ROGN (liter) | 1075 | 100 | 700 | 720 | 0 | 690 | 350 | 3635 |
| SMOLT PROD. (1000 stk.) | 2361 | 120 | 1000 | 2000 | 532 | 1563 | 520 | 8096 |
| VERDE AV PROD.SMOLT (1000 Kr.) | 22105 | 1080 | 10300 | 27930 | 5450 | 15042 | 4500 | 86407 |
| INVESTERT I ÅRET (1000 Kr.) | 1113 | 300 | 850 | 875 | 38 | 980 | 0 | 4156 |
| FAST TILSETTE: | | | | | | | | |
| Menn | 11 | 1 | 4 | 15 | 2 | 10 | 1 | 44 |
| Kvinner | 3 | 0 | 1 | 1 | 0 | 3 | 2 | 10 |
| DELTIDSTILSETTE: | | | | | | | | |
| Menn | 4 | 0 | 2 | 2 | 2 | 1 | 1 | 12 |
| Kvinner | 7 | 0 | 0 | 8 | 2 | 0 | 0 | 17 |

Også i 1990 fekk ein store vanskar i setjefiskproduksjonen, og 2 nye anlegg måtte gi opp drifta. Eit par anlegg hadde lita drift, og dei fleste hadde vanskar med å få levert alt dei hadde produsert.

PRODUKSJON:

Det vart klekt ca. 2900 l mindre rogn enn året før, ein reduksjon på ca. 48%. Resultatet av dette vil ein fyrst sjå i 1991. Også dette året er ein god del av den rogn som er klekt levert som startfora yngel til anlegg som ikkje sjølv har klekkeri.

Produksjonen av levedyktig smolt gjekk ned med ca. 0,5 mill.stk., eller omlag 6%. Dette som fylgje av det store innlegget av rogn for klekking året før.

VERDE:

Verde av smolt som gjekk drastisk ned førre året, syner same tendensen også dette året. Trass ein nedgang på berre 6% i tal smolt produsert vart reduksjonen i verdi heile kr. 13,6 mill., eller omlag 13,6%. Dette var venta etter utviklinga i 1989, men den betringa i tilhøvet ein hadde sett fram til i 1991 ser nå ut til å utebli, slik at ein heller ikkje dette året vil få balanse i etterspurnaden.

Tabell 3: Slakte-/pakkeanlegg.

| | BØMLO | FITJAR | SVEIO | KV.HERAD | TOTALT |
|---|-------|--------|-------|----------|--------|
| SLAKTE-/ PAKKEANLEGG | 4 | 1 | 1 | 1 | 7 |
| MENGDE MOTTEKEN FOR PÅKING/SLAKTING I ÅRET (tonn) | 2350 | 650 | 1900 | 1400 | 6300 |
| INVESTERINGAR I ÅRET (1000 Kr.) | 2100 | 350 | 890 | 0 | 3340 |
| FAST TILSETTE: | | | | | |
| Menn | 7 | 3 | 2 | 1 | 13 |
| Kvinner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| DELTIDSTILSETTE: | | | | | |
| Menn | 5 | 3 | 3 | 3 | 14 |
| Kvinner | 38 | 9 | 9 | 13 | 69 |

Matfisk slakta og pakka i regionen har gått opp med omlag 600 tonn frå året før. Delvis kjem dette av at produksjonen har gått litt opp i regionen, men auka produksjon frå anlegg som ligg mellombels i Kvinnherad har nok også hatt sitt å seia. Dessutan har produksjonen i Mølstrevåg auka monaleg. I Bømlo har slakting/pakking gått monaleg attende, omlag 1.140 t, noko og i Fitjar.

Regionen er godt dekkja når det gjeld kapasitet for slakting/pakking, og det skulle ikkje vera nokon påtrengjande trong for vidare utbygging nå.

Siste året vart investert mykje i vidareforedling av edelfisk, og dette har skapt mange nye arbeidsplassar. Slik ein ser det er det likevel mykje ugjort på dette feltet, og ein vonar at landet får ei tilknytningsform til EF som i framtida kan gi endå betre voner for denne verksemda.

IV.

Tabell 4: Samla verksemd matfiskanlegg og setjefiskanlegg.

| | |
|----------------------|---------------|
| VERKSEMDER | 53* |
| UTSETT SMOLT | 3,6 Mill stk. |
| PRODUSERT SMOLT | 8,1 " " |
| PRODUSERT MATFISK | 7.700 tonn |
| INVESTERINGAR | 33,1 mill.kr. |
| SAMLA OMSETNAD | 293,0 " " |
| SYSSELSETTJINGA: | |
| Fast tilsette menn | 125 |
| " " kvinner | 16 |
| Deltidstilsette menn | 36 |
| " " kvinner | 31 |

*I tala i denne tabellen er tekne med oppgaver fra utabygds anlegg mellombels lokaliserte i Kvinnherad.

Samla omsetnad for matfisk- og setjefiskanlegg i 1990 syner ein tilbakegong på nærare 10%. Tek ein imidlertid med tilflytta anlegg i Kvinnherad, slik som i tabellen ovafor, syner omsetnaden ein auke på omlag kr. 13,0 mill.kr., og oppteke kvantum slaktefisk ca.1.600 tonn. Produsert smolt gjekk som nemnt under tabell 2 ned med ca. 0,5 mill.stk. Som nemnt under tabellane 1 og 2 er det dei låge prisane som er hovudårsak til det heller dårlege resultatet, næringa sett under eitt.


Investeringane i året syner ein monaleg auke, frå vel 20 mill.kr. i 1989 til vel 33 mill. kr. i 1990. Noko av denne auken kjem av at firma som driv kombinert drift produksjon/pakking/slakting/vidareforedling har teke med investeringar gjort i alle desse virksomhetsområda, tala er derfor slik sett, ikkje heilt reelle.

I talet verksemder har ein berre teke med verksemder som er med i statistikken, dvs. at verksemder som ikkje har vore i drift i året ikkje er tekne med. (Sjå likevel merknad ovafor.)

Ser ein på tabell 1 og 2 finn ein at talet på fast tilsette har gått noko opp, medan høvet mellom kvinner og menn tilsette er nokolunde det same. I røynda er talet nokolunde det same då ein i år, i motsetnad til førre året, har med dei tilsette på utabygds anlegg i Kvinnherad.


Tek ein med talet på deltidstilsette både i oppdrett og slakting/pakking, finn ein at dette har halde seg nokolunde stabilt. Då fleire av matfiskanlegga også driv slakting/pakking er det i stor grad dei same personane som går att som deltidstilsette i desse verksemdene.

FIG. 1. PRODUSERT MATFISK I SUNNHORDLD.




SAMANLIKNING ÅRA 1988, 1989 OG 1990.

FIG. 2. PRODUSERT SETJEFISK I SUNNHLD.



SAMANLIKNING ÅRA 1988, 1989 OG 1990.

FIG. 3. SLAKTA/PAKKA LAKSEFISK I SH.LAND



SAMANLIKNING ÅRA 1988, 1989 OG 1990.


FIG. 4. SVSSELSETJINGA I ØPDR.NÆRINGA
I SUNNHORDLAND. (MATFISK/SMOLTPROD.)SAMANLIKNING ÅRA 1988, 1989 OG 1990.
HT=HEILTID. DT=DELTID. M=MENN. KV=KVINNER.

FIG. 5. PRODUSERT MATFISK (LAKSEFISK) I
SUNNHORDLAND 1985 - 1990.




FIG. 6. PRODUSERT SMOLT I SUNNHORDLAND
1985 - 1990.




FIG. 7. SLAKTING/PÅKING AV LAKS I
SUNNHORDLAND 1985 - 1990.




FIG. 8. INVESTERINGAR I MATFISK- OG
SETJEFISKANLEGG I SUNNH.LAND 1985 - 1990




FIG. 9. GJENNOMSNITTSPRISAR FOR
LAKS OG SMOLT 1985 - 1990.

